

**UTVAL FOR TENESTER OG LEVEKÅR****MØTEPROTOKOLL**

<b>Møtedato:</b>	06.11.2019
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset Straume - Komitesalen 1 etg
<b>Møtetid:</b>	kl 14:00 - 16:30

<b>Medlemer som møtte</b>	<b>Parti/Organisasjon</b>
Espen Cornell Jacobsen	Arbeiderpartiet (Ap)
Linn Raaheim-Nordfonn	Arbeiderpartiet (Ap)
Per Reidar H. Wergeland Asheim	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet (FrP)
Ernst Morten Einarsen	Høgre (H)
Robert Kaupang Sæle	Høgre (H)
Vidar Klepsvik	Kristelig folkeparti (KrF)
Hege Misje	Sotralista (SL)
Jan Utkilen	Sotralista (SL)
Hogne Hole	Senterpartiet (Sp)
Eva Aarskog	Sosialistisk Venstreparti (SV)

<b>Møteleiar</b>	Jan Utkilen
<b>Møtesekretær</b>	Anne Randi Hellesund Hansen
<b>Frå administrasjonen møtte</b>	Anne Britt Fanekrog, Line Barmen, Grethe Bergsvik

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.*

## **SAKLISTE:**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/19	Referatsaker og orienteringar
003/19	Krisesenterløysing i nye Øygarden kommune
004/19	Nye satsar for SFO
005/19	Nye vedtekter SFO
006/19	Språkbruksplan for Øygarden kommune
007/19	Interkommunalt tilsyn med barnehagar i Øygarden kommune
008/19	Vedtekter for kommunale barnehagar
009/19	Ymse
010/19	Alkoholpolitisk handlingsplan og forvaltning av alkoholregelverket - Øygarden kommune 2020
011/19	Alkoholpolitiske retningslinjer 2020 - unntak for eit enkeltstående arrangement

## 001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

---

### Innstilling til vedtak

Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

### Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

---

Merknad til PS 010/19 - Alkoholpolitisk handlingsplan og forvaltning av alkoholregelverket - Øygarden kommune 2020:

Utvalseiar Jan Utkilen foreslår at det vert oppretta eige sak om at det kan skjenkast alkohol i Sotra Arena under arrangement 04.01.20 for markering av ny kommune jamfør punkt 3 i innstillinga.

Denne får saksnr 011/19.

Innkalling og saksliste med merknad vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 001/19

Innkalling og saksliste vert vedteke med merknad som over.

## 002/19: Referatsaker og orienteringer

---

### Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

---

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### ORIENTERINGAR

- Utvalseiar Jan Utkilen korleis han tenkjer arbeidet i utvalet skal foregå. Han var opptatt at god internopplæring av medlemmane for utvalet og at fokus for arbeidet skal vera og effektivisere, men ikkje redusere kvaliteten på tenestene.  
Deretter presenterte alle medlemenae seg og sa noko om kva dei hadde som forventningar til utvalet.
- Det vart orientert om tenester som ligg til utval for tenester og levekår slik:  
Kommunalsjef for helse og velferd Line Barmen  
Kommunalsjef for oppvekst Anne Merete Vabø  
Assisterande kommunalsjef for kultur og samfunn Rune Landro

Presentasjonane ligg ved saka.

### Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 002/19

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

## 003/19: Krisesenterløysing i nye Øygarden kommune

---

### Innstilling til vedtak:

1. Nye Øygarden kommune sluttar seg til ny samarbeidsavtale med Bergen kommune om krisesentertilbod gjeldande frå 01.01.2020, jf saksutgreiinga og vedlagte samarbeidsavtale.
2. Budsjettrammene til krisesenter vert auka i tråd med talgrunnlaget som det er gjort greie for i saka.

### Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

---

#### **Endringsforslag fra Øygarden Arbeidarparti** Foreslått av: **Linn Raaheim-Nordfonn Ap**

Saken om krisesenter tilbud for Øygarden Kommune sendes tilbake for nærmere utredning, for begge forslagene om interkommunal tjeneste, samt alternativet om tilbud i egen regi som eksisterer i Fjell Kommune i dag. Saken må også inneholde en analyse og en bedre drøfting av de økonomiske konsekvensene for interkommunal vs. egen regi.

#### **Utsetjingsforslag frå H, SL, KrF og Frp** Foreslått av: **Ernst Morten Einarsen H**

1. Saka vert utsett.
2. Utvalet ynskjer ei vurdering av kostnadane i ei avtale med Bergen kommune sett høve til eiga krisesenterløysing.

#### **Endringsforslag frå SV** Foreslått av: **Eva Aarskog SV**

Det er ynskjeleg at det i vidare arbeid og vert teke med å få eit interkommunalt samarbeid med Bergen om krisesenter for kvinner i aktiv rus.

Forslaget vart ikkje røysta over.

Forslaget frå Ap og utsetjingsforslaget frå H, SL, KrF og FrP er omarbeidd til eit fellesforslag. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 003/19**

1. Saka vert utsett.
2. Utvalet ynskjer ei vurdering av kostnadane i ei avtale med Bergen kommune sett høve til eiga krisesenterløysing.
3. Saken om krisesenter tilbud for Øygarden Kommune sendes tilbake for nærmere utredning, for begge forslagene om interkommunal tjeneste, samt alternativet om tilbud i egen regi som eksisterer i Fjell Kommune i dag. Saken må også inneholde en analyse og en bedre drøfting av de økonomiske konsekvensene for interkommunal vs. egen regi.

## 004/19: Nye satsar for SFO

---

### Innstilling til vedtak:

Satsane vert vedtekne slik dei ligg føre.

### Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

---

Saka vart handsama i Formannskapet 05.11.2019 og vart utsett der.  
Saka vert difor trekt frå sakskartet til Utval for tenester og levekår.

### Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 004/19

Saka vert trekt frå sakskartet til Utval for tenester og levekår.

## 005/19: Nye vedtekter SFO

---

### Innstilling til vedtak:

- Nye vedtekter for SFO vert vedtekne slik dei ligg føre.
- Vedtektene trer i kraft frå 01.08.2020.
- Det vert sett ned arbeidsgruppe som får i oppgåve:
  - å utgreie felles opningstider i nye Øygarden kommune
  - utarbeide felles planverk for SFO
  - å utgreie økonomiske konsekvensar for søskenmoderasjon for familiar med barn både i SFO og barnehage.

Frist for arbeidet: 30.04.2020

### Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

---

#### Forslag frå H, SL, FrP og Krf Foreslått av: Ernst Morten Einarsen H

1. Saka vert utsett.
2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmer som skal førebu saka. Grappa skal fremje ei tilråding til utval for tenester og levekår innan utgongen av april 2020.
3. Følgjande vert vald til den politiske arbeidsgruppa:

.....  
.....  
.....  
.....

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar. Administrasjonen vert sekreteriat.

4. Eksisterande vedtekter vert ført vidare inntil dei nye vedtektene trer i kraft frå 1. august 2020.

#### Forslag fra AP, SP, FMB og SV Foreslått av: Eva Aarskog SV

1. Saken utsettes
2. Det nedsettes en komite
3. Representanter fra AP: Espen Cornell Jacobsen frå FMB: Per Aasheim

Komiteen som jobber med SFO jobber også med barnehagevedtektene.

Utsetjingsforslag og forslaga til representantar til arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 005/19**

1. Saka vert utsett.
2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmer som skal førebu saka. Gruppa skal fremje ei tilråding til utval for tenester og levekår innan utgongen av april 2020.
3. Følgjande representantar vert vald til den politiske arbeidsgruppa:
  - Robert Kaupang Sæle (H)
  - Hege Misje (SL)
  - Espen Cornell Jacobsen (Ap)
  - Per Aasheim (FNB)

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar. Administrasjonen vert sekretariat.

4. Eksisterande vedtekter vert ført vidare inntil dei nye vedtektene trer i kraft frå 1. august 2020.

### **006/19: Språkbruksplan for Øygarden kommune**

---

#### **Innstilling til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner språkbruksplan for Øygarden kommune slik han ligg føre.
2. Administrasjonsspråket i Øygarden kommune skal vera nynorsk.
3. Øygarden kommune melder seg inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar med verknad frå 2020.

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

#### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 006/19**

Utvalet har følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner språkbruksplan for Øygarden kommune slik han ligg føre.
2. Administrasjonsspråket i Øygarden kommune skal vera nynorsk.
3. Øygarden kommune melder seg inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar med verknad frå 2020.

### **007/19: Interkommunalt tilsyn med barnehagar i Øygarden kommune**

---

#### **Innstilling til vedtak:**

- Det vert inngått avtale mellom Øygarden og Askøy om interkommunalt tilsyn.
- Tilsynet vert organisert av ei styringsgruppe.
- Tilsynet vert koordinert av ein koordinator i 20%stilling frå Askøy.
- Tilsynet vert utført av tilsynspar, 8 par frå Øygarden og 3 par frå Askøy.

- Øygarden frikjøp tilsynspersonar frå Askøy til 3 tilsyn i året.
- Det vert innført elektronisk tilsyn av barnehagane som vert gjennomført årleg. Ei arbeidsgruppe får ansvar for å utgreie innkjøp og implementering av programvare

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

##### **Utsetjingsforslag frå H, SL, FrP og Krf Foreslått av: Ernst Morten Einarsen H**

Saka vert utsett.

Saka vert fremja på nytt når det ligg føre ein avtale som omhandler organisering av tilsyn med fordeling av kostnadane.

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 007/19**

Saka vert utsett.

Saka vert fremja på nytt når det ligg føre ein avtale som omhandler organisering av tilsyn med fordeling av kostnadane.

## **008/19: Vedtekter for kommunale barnehagar**

---

#### **Innstilling til vedtak:**

- Nye vedtekter for dei kommunale barnehagane vert vedtekne slik dei ligg føre.
- Vedtektene trer i kraft frå 01.01.2020.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å utgreie felles opningstider for barnehagane i nye Øygarden kommune.

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

##### **Forslag frå H, SL, FrP og Krf Foreslått av: Ernst Morten Einarsen H**

1. Saka vert utsett.

2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmar som skal førebu saka.

Arbeidsgruppa skal fremje ei tilråding til utval for tenester og levekår innan utgangen av april 2020.

Saka skal samordnast med dei nye vedtektene for SFO.

3. Følgjande er valde til medlemmar av arbeidsgruppa:

.....  
.....  
.....  
.....

Arbeidsgruppa vel sjølv leiar. Administrasjonen vert sekretariat.

4. Eksisterande vedtekter vert ført vidare til dei nye vedtektene trer i kraft frå 1. august 2020.

##### **Forslag fra AP, SP, FMB og SV Foreslått av: Eva Aarskog SV**

Den same komiteen som arbeider med SFO arbeider med barnehage vedtektene.

Utsetjingsforslag og forslaga til representantar til arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 008/19**

1. Saka vert utsett.
2. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmar som skal førebu saka. Arbeidsgruppa skal fremje ei tilråding til utval for tenester og levekår innan utgangen av april 2020. Saka skal samordnast med dei nye vedtektene for SFO.
3. Følgjande er valde til medlemmar av arbeidsgruppa:  
Robert Kaupang Sæle (H)  
Hege Misje (SL)  
Espen Cornell Jacobsen (Ap)  
Per Aasheim (FNB)  
  
Arbeidsgruppa vel sjølv leiar. Administrasjonen vert sekretariat.
4. Eksisterande vedtekter vert ført vidare til dei nye vedtektene trer i kraft frå 1. august 2020.

### **009/19: Ymse**

---

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

Utvalet var samd om desse punkta:

- Møtetidspunkt kl 1400 er greitt
- Mat servering: Gode rundstykker som idag og med glutenfritt alternativ
- Intern opplæring: Fagpersonar orienterar om ca 2 tema kvar gong, 2-dagars seminar, besøke einingane og få snakke med personar som arbeidar der, få kjennskap til kva som er av kommunale tenester. Korleis ta opp sak som skal til politisk handsaming
- Streaming i møte, vert førebels berre i kultursalen
- Administrasjonen lagar ein halvårleg plan om forslag til faglege orienteringar til neste møte
- Administrasjonen lagar eit forslag til synfaring hjå einingane. Utvalsleiar lagar eit forslag til program som vert drøfta i neste møte. Politikarane ønskjer dialog med representantar for leiing, tilsette og tillitsvalt

### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 009/19**

Punkta over vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### **010/19: Alkoholpolitisk handlingsplan og forvaltning av alkoholregelverket - Øygarden kommune 2020**

---

#### **Innstilling til vedtak:**

Utval for tenester og levekår vedtek

1. Det skal utarbeidast ein alkoholpolitisk handlingsplan for Øygarden kommune innan juni 2020. Eksisterande handlingsplanar for dagens tre kommunar vil gjelde for sine geografiske



område inntil ny samla handlingsplan er vedteken.

2. Val av arbeidsgruppe for utarbeiding av ny alkoholpolitisk handlingsplan:

- ..... – Leiar
- ..... – medlem
- ..... – medlem
- ..... – medlem

Rådmannen sørgjer for sekretariatsfunksjon.

3. Unntak frå alkoholpolitiske retningslinjer for Fjell kommune pkt. 8.8 kulepunkt 9:

Det kan skjenkast alkohol i Sotra Arena under arrangement 04.01.20 for markering av ny kommune. Vilkår og krav i retningslinjene elles vil gjelde for arrangementet.

**Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

**Forslag til representantar til arbeidsgruppa frå Ap** Foreslått av: **Linn Raaheim-Nordfonn Ap**

1. Espen Cornell Jacobsen, AP
2. Eva Aarskog, SV

**Forslag til representantar til arbeidsgruppa frå H, SL, KrF, FrP** Foreslått av: **Ernst Morten Einarsen H**

Robert Sæle (H) som leder  
Kristin Børve (FrP) som medlem

Det vert oppretta eige sak om det kan skjenkast alkohol i Sotra Arena under arrangement 04.01.20 for markering av ny kommune jamfør punkt 3 i innstillinga. Denne har fått saksnr 011/19.

Punkt 1 og 2 i innstillinga med forslag til representantar til arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 010/19**

1. Det skal utarbeidast ein alkoholpolitisk handlingsplan for Øygarden kommune innan juni 2020. Eksisterande handlingsplanar for dagens tre kommunar vil gjelde for sine geografiske område inntil ny samla handlingsplan er vedteken.
2. Val av arbeidsgruppe for utarbeiding av ny alkoholpolitisk handlingsplan:
  - Robert Kaupang Sæle (H) – Leiar
  - Kristin Børve (Frp) – medlem
  - Espen Cornell Jacobsen (Ap) – medlem
  - Eva Aarskog (SV) – medlem

Rådmannen sørgjer for sekretariatsfunksjon.

## **011/19: Alkoholpolitiske retningslinjer 2020 - unnatak for eit enkeltstående arrangement**

---

### **Innstilling til vedtak:**

Utval for tenester og levekår vedtek å gjere eit enkeltstående unnatak frå alkoholpolitiske retningslinjer for Fjell kommune pkt. 8.8 kulepunkt 9: Det kan skjenkast alkohol i Sotra Arena under arrangement 04.01.20 for markering av ny kommune. Vilkår og krav i retningslinjene elles vil gjelde for arrangementet.

### **Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:**

---

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 011/19**

Utval for tenester og levekår vedtek å gjere eit enkeltstående unnatak frå alkoholpolitiske retningslinjer for Fjell kommune pkt. 8.8 kulepunkt 9: Det kan skjenkast alkohol i Sotra Arena under arrangement 04.01.20 for markering av ny kommune. Vilkår og krav i retningslinjene elles vil gjelde for arrangementet.